


# HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2024

PÅSKE

Grunnlagt 1938

85. årgang



*På Golgata stod det ein kross.  
Jesus døyde på krossen.  
I hagen var det ei grav.  
Jesus låg i den grava.  
Men krossen er tom.  
Og grava er tom.  
Jesus stod opp og han lever.  
Men krossen er tom og grava er tom.  
Jesus stod opp og han lever.*



Mælen, Myre i Vesterålen.

## Frå redaksjonen

Godt nyttår! Vi er alt godt ut i februar, og snø har kome, regna vekk, og kome tilbake. Eit skikkeleg jojo-vêr kan det kallast. Under-teikna la filleryer og golvteppe ut i snøen til reinsing. Etter eit par døgn vart det å leite i ein halvmeter snø, for dei atter vart lokaliserte og redda i hus att. Heldigvis var snøen lett og luftig.

Nokre dagar med godt, gammaldags rennedrev har vi òg hatt. Det fører tankane tilbake til januar 2023, då turen gjekk til Myre i Vesterålen. Fly til Evenes og sterkt forsinka buss til Sortland, der Ola bror tok imot oss to systrer. Vi skulle hjelpe han med å pakke og rydde ut dei siste restane frå huset hans, for han etter 50 år der i nord skulle flytte til Agder i sør, og eit hus han hadde kjøpt usett.

Arbeidet gjekk med liv og lyst, og ein fin januarmorgon sette vi oss i fullpakka bil og starta sørover. Ola er rullestolbrukar, styrer alt med handemakt, og er den tryggaste sjåføren eg sit på med. På Saltfjellet var det kolonnekøyning. Vi såg stort sett baklyktene på bilen framfor, men det hende vel òg at alt var kvitt. Likevel gjekk turen greitt, vi kom omsider til Mosjøen og overnatta hjå Olaug, Ola si dotter. Derifrå var det bra vêr og brukbart føre heilt til vi kørde over Dovre. Der var

det ikkje kolonnekøyning, men så sterk sidevind at vi kjende bilen vart flytta på vegen. Ganske ubehageleg.

Ny, triveleg stopp med overnatting hjå Ådne bror på Dombås, før vi tok fatt på Gudbrandsdalen og siste etappe vidare. Det gjekk jamt og greitt, og i kveldinga, etter tett skodde frå Drammen til Kristiansand, var vi vel framme på Konsmo, der Ola kunne ta huset i augsyn. Inngang direkte frå garasjen er midt i blinken!

Denne teksten handlar litt om skiftande vêr i vårt langstrekke land, men mest om ein enkemann på 78 år, heilt avhengig av rullestol, som flyttar frå nord til sør, til eit usett hus og ein ukjend stad. Han var einsam etter at kona døydde, og ville flytte nærmare barndomsheimen og gamle kjende. No bur han «berre» 17 mil derifrå. Etter vel eit år stortrivst Ola på Konsmo, og utpå våren skal han feire 80-årsdagen sin nær barndomsheimen.

Konklusjonen kan vere: Vêret kan du ikkje gjere noko med, men livssituasjonen din er det berre du som kan endre på. God tru og godt mot er heilt nødvendig.

## KYRKJA I JØLSTER

### KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

### HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

Ålhus sokn:

Annette Slåtten

☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus

☎ 417 58 462

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herløvsund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjeseiter

☎ 971 20 085

## HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

*Guds fire døtre, statuer på vestfronten av Nidarosdomen.*

## ORD FOR JUBILEUMSÅRET 2024:

## LANDSLOVA OG GUDS FIRE DØTRER

*Miskunn og sanning skal møta kvarandre,  
rettferd og fred skal kyssa kvarandre.  
Sanning skal spira opp av jorda  
og rettferd sjå ned frå himmelen.  
(Frå Sal 85 i Bibelen)*

Ei jodisk legende frå mellomalderen fortel at då Gud skulle dømme Adam og Eva etter syndefallet, søkte han råd hos fire systre, desse fire systrene ber namna Miskunn, Sanning, Rettferd og Fred. Vi finn desse «systrene» i salme 85 i Det gamle testamentet. Desse fire systrene eller dygdene vart også kalla Guds fire døtrer for å syne kor nært verdiane dei representerte stod det guddommelege. Dette vart ein framtrédande tanke også i kristen teologisk tenking i mellomalderen, at det er slik Gud styrer verda og dømmer menneska, ved hjelp av miskunn, sanning, rettferd og fred. Det filosofiske skriftet «Kongespeilet» frå midten av 1200-talet brukar allegorien om Guds fire døtrer for å fortelje kongen korleis han skal dømme i Guds stad.

Dette året feirar vi 750-års jubileet for Magnus Lagabøtes Landslov. Denne lova er rekna som

eit av dei viktigaste dokumenta vi har i Norge frå mellomalderen. Lova gjaldt i over 400 år, og i denne lova ligg spirene til den norske rettsstaten og ideen om folkeleg medråderett, som er ein føresetnad for demokratiet vårt. I landslova blir vernet om kvinner, barn, fattige og svake styrka, noko som hadde sitt utspring i det menneskesynet kristendomen bringa med seg, der alle menneske er like for Gud. Magnus Lagabøte såg på landslova som ei vidareføring av kristenretten som Olav den Heilage innførte på Moster i 1024, og han ville at lova skulle vere ein reiskap for at Guds vilje kunne skje i landet. Også i landslova er «Guds fire døtrer» viktige. Ein dom etter Guds vilje er ein dom der dei som avseier dommen, har rådført seg med Guds fire døtrer. Dommen skal som Gud vere både streng og mild på same tid. Ved ein rettferdig dom skulle ein ikkje sjå berre på loven sin bokstav eller den straffbare handlinga isolert. Ein skulle t.d. også sjå på livssituasjonen til den skuldige, bakgrunnen for brotsverket og konsekvensane av dommen.

Når desse to jubilea, 1000-års jubileet for kristenretten og 750 års jubileet for Landslova, vert

markert dette året, er det ikkje berre for å feire fortida, men også for å sjå korleis kunnskapen og verdiane frå fortida kan vere med når vi skal forme framtida. Eg hadde ikkje høyrte om «Guds fire døtrer» før eg begynte å lese om Landslova, men no tenkjer eg at eg gjerne vil at dei skal fylgje med inn i ei ny tid, som viktige verdiar i samfunnet og som hjelp til korleis vi skal leve i lag. Vi er ikkje alle direkte involvert i lovgjeving eller domsavseiingar, men vi kan alle vere med å forme dei fellesskapa vi er ein del av. Kanskje kan det gjere ein viktig forskjell om vi hugsar på å spørje Sanning, Godleik, Rettferd og Fred til råds for vi bestemmer oss for korleis vi skal møte dei menneska som kjem i vår veg?

**Bøn:**

*Gud, gje meg visdom og vilje til å søkje sanninga,  
møte andre med godleik og bidra til rettferd og  
fred rundt meg. Amen*

## HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

## BLADSTYRET:

Hildegunn Huus  
Ingrid Søyland  
epost: hildegso@online.no  
soyland.ingrid@gmail.com  
Neste nr. kjem i juni

## FRIST

Frist for stoff til  
hyrdingsrøysta 2024:  
**Sommarnummer** 25. mai  
**Hautnummer** 2. september  
**Julenummer** 23. november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Denne gongen er det Anny Flatjord som presenterer eit dikt ho er glad i.

## Møte med eit dikt

Namnet mitt er Anny Flatjord og eg er fødd og oppvaksen på Flatjorda i Stardalen.

Etter avslutta lærarutdanning flytta eg heimatt til Stardalen i 1981, og stifta familie der. Arbeidsstaden vart Skei skule i 38 år.

Når eg skulle velje eit dikt som betyr mykje for meg, måtte det bli:

*Den gamle stølsvegen*

– Rakel Viken (1891 – 1995)

Vår gamle stølsveg gjekk frå Lyngstadmarkja til Flatjordstøylen, og har gleda både borneborn, born og vaksne i fleire generasjonar. Heilt intakt er den ikkje i dag, - men kjekk å nytte.

«Den gamle stølsvegen» av Rakel Viken har eg nytta til opplesing på ulike arrangement i mange år. Dette gjorde til at eg og mor mi vitja Rakel i sperrestova hennar på Vikja. Det er uforgløyemelege minne å ta med seg. Rakel var ei humoristisk, varm og kunnskapsrik kvinne.

På 100-årsdagen til Rakel vitja eg henne på sjukeheimen og spurde «Skal eg lese Den gamle stølsvegen?» Og undervegs stemde ho i, og vi las i lag!

Stor takk til Rakel, som kunne «teikne» og skrive slik ein vakker hyllest til stølsvegen.



## Den gamle stølsvegen



Rakel Viken  
(1891–1995)

*Det bar oppom bogaren steg for steg  
eg gjekk på ein gammal attgrodd veg  
Der eg i ungdomen trødde.  
Men faret kom bort millom stein og stu,  
og rotna var ho den gamle bru  
som bar oss når elva flodde.  
Eg leita meg fram millom skog og kratt,  
fann den gamle stølsvegen att,  
han gjekk opp mot fjellet i lia,  
var velbrukt før i tida.  
No var han attgrodd av mose og bar;  
borte var alle fotefar  
etter unge gjentefotar,  
millom stein, stu og røter.  
Men kjenningar var der likevel,  
dei kom meg i møte og gjorde meg sel.  
Sus frå grøver; kviskring frå kratt,  
ljomen frå fjellet i julinatt  
der dalelva fossa og fløynde,  
og ut for Storhamaren strøynde.  
Oppe i vegen ved Reinbotnle  
veks endå revbjeller kring morkna tre,  
rosslyng, krekling og tiriltunge. –  
Alt dette veksande evigunge,  
fjellbjorka med sitt ljosgrøne slør  
veks attmed vegen no som før.  
Eg kom til eit kvile, sette meg ned,  
ber hadde steinane legje i fred.  
Det same sym eg no fekk sjå  
som før når himmelen kvelvde seg blå  
over draumfagre Jølsterbygda  
med kvitkrynte kollar mot hogda.  
Kvila ved vegen gav fred i sinnet,  
Med kveldsolglans over ungdomsminne.*

# Festivalhelg i Vassenden kyrkjesenter

KFUM/KFUK har hatt festivalhelg i Vassenden kyrkjesenter. Ungdomsprest Fredrik Bråttvik heldt preika søndagen, og kyrkjelyden fekk høyre vakker korsong med solid akkompagnement og danseliknande rørsler.

Til slutt takka Andrine deltakarar og apparatet rundt festivalen, og ho fekk mykje takk igjen for det fine opplegget. Andrine er ei av leiarane for VaBa-klubben, og gjorde ein kjempejobb i høve festivalhelga for KFUM/KFUK.

Her følger nokre bilete frå gudstenesta søndagen.



# Familiegudsteneste i Helgheim 28.01 og Ålhus 11.02.

Desse søndagane var det utdeling av *actionbibelen* til alle fjerdeklassingar. Det var action i kyrkja òg, då fjerdeklassingane hadde øvt inn bibelforteljingar, som dei framførte under gudstenesta. Her er nokre situasjonsbilete.



Silje med hjelparar



Dramatisering Helgheim



Brage, Hemen og Sigurd.



Bibelutdeling i Helgheim kyrkje.



Silje prest spela ut heile forteljinga om Josef og brødrene i Helgheimkyrkja.

# Josef og brødrene

Søndag 18. februar fekk familiegudsteneste ein ny dimensjon. Silje, Erlend og Birk gav kyrkjelyden i Helgheim ei uforgløyemleg oppleving.

Steinar Dvergsdal

Vi som ikkje er av dei yngste, hugsar frå ungdomen forteljinga om Josef og brødrene som noko uhyggeleg og grusamt. Etter kvart som det vart tydeleg at veslebroren Josef var høgast elska av faren Jakob, voks uviljen og hatet hos storebrødrene. Dei vurderte å drepe han, men enda med å selje Josef som slave. Han enda hos farao i Egypt.

Son til Silje, Birk, spela piano til liturgien, salmesongen og postludiet. Han vart ivrig applaudert av kyrkjelyden fleire gonger!

Dette var ei «forteljargudsteneste». Silje spela ut heile forteljinga om Josef. Mannen hennar, Erlend, spela orgel til og innimellom. Og han la på «verballyd» i dramatikken. Dette var teaterkunst på sitt beste, servert i gudstenesta på Helgheim. Det var også gudsteneste, preike og rettleiing for liva våre betre enn noko.

Silje spela oss gjennom farskjarleik, ovundsykje, hat, naud, einsemd, freisting, begjær, uretferd, syskenkjarleik, forsoning og tilgjeving i nær ein time. Kyrkjelyden vart sitjande som oppslukt og fjetra. Skiftevis med tårer i augo og lukkeleg smil om munnen. Ja, skodespelaren såg ut til å leve seg så djupt inn i det at ho også vart blank i augo innimellom.

Josef vart betrudd hos Farao. Ja, han hamna urettvist i fengsel. Han slapp ut når han tydde Farao sin draum om sju feite og sju



Prestefamilien Silje, Birk og Erlend.

magre år. Han vart sett til å styre landet gjennom desse åra. Bygde store matlager til dei magre åra. Dei svikefulle brødrene dukka opp hos Josef for å kjøpe korn så dei kunne berge seg. Først langt inn i historia avslørte Josef at han var broren dei hadde selt som slave. Etter at alternativa hadde sveva fram og attende, enda det i tilgjeving, forsoning og kjærleik.

Denne historia har ein viktig plass ikkje berre i kristendomen, men òg i jødedomen og i islam. Muslimane kallar henne for «Den vakraste forteljinga».

Når forteljinga er ferdig fortalt, er lærdomen innlysande. Ikkje la hatet ta overhand. Tilgjeving, forsoning og kjærleik vert best for alle partar. Dette gjeld mellom personar, familiar, nasjonar og folkegrupper

Til Silje med familie: Takk for flott «familiegudsteneste». Vi er takksame for å ha dokke i Jølster!

Til dykk som gjekk glipp av denne tilstellinga. Pass på neste gong, elles går de glipp av noko vesentleg i liva dykkar. I mellomtida kan de lese om Josef i 1. Mosebok.

## VÅREN OG EG

Varsamt,  
utan ein lyd  
kryp våren  
inn i meg

og tek seg  
til rette

Akkurat slik  
våren og eg  
hadde vorte  
einige om

Sjur Ivarhus



# Kinnaspelet 22. og 23. juni: Songen ved det store djup

Ope hav og høg himmel, Kinnaklova og ei gammal steinkyrkje er det som møter deg når du kjem til Kinn. Teaterstykket «Songen ved det store djup» handlar om då danskekongen sin fut kjem til Kinn i 1537 og gjer kjent at pavekyrkja si tid er forbi. Kongen eig no alt kyrkjegods, og ein ny luthersk prest skal setjast inn. Ingen lett bodskap å selge inn hos bygdefolket på Kinn.

Dei er i gang med feiringa av Seljumannamesse, og publikum får no bli med tilbake til 900-talet og bygdefolket sitt «lille kirkespill» om prinsesse Sunniva frå Irland som rømmer frå vikingkongen Ramn. Med følgjet sitt legg ho ut på på havet og let vind og havstraumar råde. Båtane kjem frå kvarandre, og båten med søstera Borni driv i land på Kinn. Etter legenda er det ho som fekk bygd kyrkja på Kinn.

Skodespelarar, kor og orkester, profesjonelle og amatørar

fortel denne historia. Med storhavet, Kinnakyrkja og Kinnaklova som scenebilde blir dette ei unik oppleving.

## KINNAKYRKJA

Den vakre Kinnakyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i Norge. Plasseringa i einsemda på ei øy langt vest i havet er heilt spesiell. Det samme er kyrkjekunsten, ikkje minst det unike lektoriet frå 1200-talet.

Gåtene rundt kyrkja er mange, ikkje minst kvifor ei så rikt utsmykka kyrkje ligg så einsamt til. I eit forskningsprosjekt som har gått over to år, har ein prøvd å finne svar på nokre av spørsmåla. Dette har resultert i ei bok, «Kinnakyrkja – lengst vest i havet», som kom ut hausten 2023. Denne vil vere å få kjøpt under Kinnaspelet.

Kyrkja vil vere open for publikum ved omvisingar – sjå programmet for tidspunkt. Her er elles open kyrkje om sommaren, og både turistar pilegrimar kjem for å oppleve kyrkja på Kinn. I 2023 var det 3300 besøkande.



FRAMSYNING  
LAURDAG 22. JUNI  
Kl 13.00

FRAMSYNING  
LAURDAG 22. JUNI  
Kl 16.30

FRAMSYNING  
SØNDAG 23. JUNI  
Kl 15.00

## PROGRAM

### LAURDAG 22. JUNI

Kl 11.30: Omvising i Kinnakyrkja  
Kl 13.00: «Songen ved det store djup»  
Kl 13.00: Avreise Florø til tur med Barnas Turlag  
Kl 15.00: Historia til Kinn  
Kl 15.00: Konsert  
Kl 16.30: «Songen ved det store djup»  
Kl 18.00: Kveldsbøn  
Kl 18.30: Omvising i Kinnakyrkja

### SØNDAG 23. JUNI

Kl 11.00: Gudsteneste  
Kl 12.00: Vikingaktivitetane begynner  
Kl 12.45: Konsert  
Kl 12.45: Historia til Kinn  
Kl 13.45: Omvising i Kinnakyrkja  
Kl 15.00: «Songen ved det store djup»  
Kl 16.30: Kveldsbøn  
Kl 17.00 Omvising i Kinnakyrkja

## KINNASPELET blir framført av Teater Vestland, musikarar og ca. 160 lokale amatørar og koristar.

Teater Vestland er kunstnarleg ansvarleg.

Tekst: Rolf Losnegård.

Musikk: Per Janke Jørgensen

Instruktørar: Cecilie Grydeland Lundsholt og Anethe Alfvåg

Musikalsk ansvarleg: Harald Dahlstrøm

SKODESPELARARI HOVUDROLLENE:

Carina Furseth – Borni / Sunniva

Idun Losnegård – Magrete prestefrille

Kyrre Eikås Ottersen – prest

Peder Lauvås - Tarve/ vikingkongen Ramn

Harald Ottesen Nødtvedt - dansk fut

OM AKTIVITETAR OG BILLETTAR >>>





## AKTIVITETAR PÅ KINN I LØPET AV HELGA


- Konsert i kyrkja laurdag og søndag med Elisabeth Gimmestad Trio.
- Gudsteneste søndag kl 11.00 ved biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jebsen.
- Omvising i kyrkja laurdag kl 11.30 og 18.30 og søndag kl 13.45 og kl 17.00
- Kveldsbøn i Kinnakyrkja etter siste framsyning laurdag og søndag
- Familietur rundt Kinn i samarbeid med Barnas Turlag på laurdag.
- Du kjøper billett til 2. framsyning og det er avreise frå Florø kl 13.00.
- Vikingaktivitetar for familiar søndag mellom 12.00 og 14.00. Ein kan skyte med pil og boge, kaste med oks, spikke, male korn på kverstein og steike brød i steinomn.
- Historia til Kinn kan du få høyre om på laurdag kl 15.00 og søndag kl 12.45 Sjå etter skilt ved kyrkjestova (det raude huset ved inngangen til kyrkjeområdet). Varer ca 45 minutt.
- Turar på eiga hand er det lagt godt til rette for. Det er skilta turstiar. Aktuelle turar er rundt øya, tur på Kinnafjellet, tur i Kinnaklova eller på Søre Stauren.
- Kunstutstilling av bilda til Harald Seim i atelieret hans som du finn rett opp for kaia. Her vil du òg kunne kjøpe skinn av gammalnorsk spelsau.
- Sal av mat og drikke i kioskteltet ved kyrkja. Du kan bruke vipps og kort.
- Sal av suvenirar og bøker knytt til Kinn og Kinnaspelet vil du finne i kioskteltet.
- Sjå [www.kinnaspelet.no](http://www.kinnaspelet.no) for fleire opplysningar om aktivitetane

### BILLETTAR

kjøper du på [kinnaspelet.no](http://kinnaspelet.no). Ein får også kjøpt billett på Kinn. Båtane begynner å gå kl 09.00 og dei går etterkvart som dei blir fulle. Møt opp i god tid, seinast to timar før framsyninga. Det blir lagt ut eit avgrensa tal billett til kvar framsyning, og det er ikkje nummererte plassar.

### BÅT FRÅ BERGEN

Det blir sett opp båt frå Bergen til 1. framsyning laurdag. Avreise frå Strandkaiteminalen kl 08.00. Stopp på Knarvik kl 08.30  
Pris vaksen (båt og teater) kr 1390, barn kr 600,-  
Billett på [www.kinnaspelet.no](http://www.kinnaspelet.no)



## Seljumannamesse 1000 år

Dette året er det to store nasjonale jubileer. Det eine er 1000 års jubileet for kristenretten på Moster. Det andre er 750 års jubileet for Magnus Lagabøte sin landslov. På Moster innførte man ny lov og rett i Norge, ein av dei tinga som vart innført då var fri på søn- og helgedagar. Vi må slutta at Seljumannamesse-dagen 8. juli vart fastsett som helgedag på Moster i 1024. Denne dagen er på ein spesiell måte knytt til øyane Kinn og Selja. I dei gamle lovene frå landsdelstinga finn vi to ulike formuleringar: «Messe til minne om dei heilage på Kinn og Selja» eller «Seljumannamesse». Seinare kjem forteljinga om Sankta Sunniva og hennar fylgje som kom frå kvarandre på havet og at dei stranda på øyene Selja og Kinn.

Det var difor eit ønske for prosjektgruppa å markere Seljumannamesse 1000 år både på Selja og Kinn. Og vi ynskte at det skulle vere eit fellesarrangement. Dette vil vi prøve å få til ved å bruke fjordabåten Atloy og stoppe ulike stader på vegen. Programmet er ikkje heilt klart men ein tek sikte på avreise frå Florø laurdag morgon 6. juli, det blir arrangement i Selje på laurdag og seljumannamesse på Selja søndag. Søndag kveld kjem Atloy til Måløyområdet. Måndag formiddag blir det stopp i Kalvåg og måndag ettermiddag og kveld på Kinn og i kyrkja der. Biskop Ragnhild blir med på reisa. Det vert ulike arrangement og opplevingar på kvar stoppestad. Regionalt pilegrimssenter i Selje er sekretariat for jubileet, men mange lokale arrangører, lag og organisasjonar er med på opplegget. Det vert også ein keltisk konferanse fredag, 5. juli på leirstaden Fjordly, ved Bryggja, med gjester frå England.





# GJESTESKRIBENTEN:

Tekst og bilde: JAN ARNE FLUGEKVAM



Jan Arne Flugekvam er elektrikar for Nortura og sauebonde på Vårstøylen, siste garden før Flugedalen. Han er også litt av ein filosof. Han spekulerer på mangt og mykje, det vere seg små kvardagsopplevingar, dagens noko skakkøynde samfunn, eller livet i sin heilskap. Stundom set han ord på tankane sine i «fjesboka». Hyrdingrøysta har fått lov til å trykkje nokre av desse, som kan vere til ettertanke for nokon kvar av oss.

## Oppvekst

Det å vekse opp på gard har sine fysiske og psykiske fordeler, men også ulemper som følgde dei fire årstidene kvart einaste år. Dei bestod av steinplukking, silojamning, raking, skogsarbeid og anna naturleg treningsarbeid, ei slags uendeleg intervall-

trening. Det er synd for folkehelsa og bedriftene at det stadig vert færre gardsbruk i drift. Å vekse opp på gard gjev «teorisvake» avkom ein meistringsfølelse når ein ser at den praktiske oppgåva lykkast, sjølv i ei sportsgrein, på nasjonalt og nordisk nivå. No må ein ha mest mulige beståtte teore-

tiske «glanspapir». Kva meistringsfølelse får teoretikarane, når teorien gong på gong ikkje stemmer i praksis? Dei teoretiske skrivebordsvedtaka kjem for fullt i landbruket i 2024. Kanskje eg med fleire lyt gå på treningssenter, i staden for i fjøsen, det er òg eit skifte, men er det grønt?



*Kvernhus, modell.*

### Kvernhus

Før var folk kreative, sjølvlærte og sjølvgåande, utan eit halvt liv på skulebenken. No er trenden kreative på ein reverserande måte, etter eit halvt liv på skulebenken, der dei har utvikla seg til teoretiske geni, med omvendt logikk.

Før vart folk styrt av naturen, no skal folket styre naturen. Det går fint i teorien, men i praksis er det møleg. Vi høyrer stadig om ekstremvær, men når det har roa seg, viser det seg at det har vore like ekstremt og verre før i tida.

Kan det vere media som har blitt ekstremt hekta på ein natur som går sin gang? Ein ting er sikkert, det klimaekstreme vart ein god forretningside som står i full blomst i teorien, men no har dei første grønt-praktiserande stilkane brotna og starta å visne. Men det er endå ikkje oppfatta.

Kinetisk energi kan vi styre i moderate mengder, men på ein trygg måte, men på naturens premisser og i faste installasjonar/bygg.

Her er nokre bilete ein modell av kvernhuset som forfedrane mine bygde, og som vart drifta av kinetisk energi (vasskraft), når det var ekstremt med kvennavatn i Hjelmbrekkeelva, altså haust eller vår.

Kanskje må kvernsteinane snurre att, viss ikkje den omvende logikken snart begjev.

### Sno og tre

Eit bilde seier meir enn tusen ord.....  
Sjølv trea må gje seg når lasta blir for tung...  
Det er dei små som kneler først...  
Dei store ryk ved første storm...  
Har du nokon gong sett eit lite tre som er knekt på grunn av last eller vind?  
Dei store ryk først.  
Det er noko å tenkje på i dagens turbulente tid, der alt skal vere so mykje stort.

### Sauesanking

(tankar etter sauesanking i Flugedalen)  
Då vi kom til Flugestøylen, fann vi eit lam som gjekk aleine. Å få tak i eit lam som går aleine, er nesten umuleg. Etter at lammet hadde studert bonden, tok det fatt på motabakkane, truleg fordi bonden bar preg av å ha ete mykje kake i det siste. Vi gjekk det vi kunne atti, men avstanden auka, så lammet gjorde rett vurdering. Eg tenkte fleire gongar at dette går nok ikkje, men jammen tok både eg og lammet feil. Gje aldri opp.  
(Bilete:)

### HMS

I dag har det vore full fokus på HMS. Det har vore nytta hogstrykksvaskar med påmontert skvettkanne, denne beskyttar både førar av trykkvaskar og omgjevande konstruksjonar mot sprut av drit.  
Når ein ser resultatet av hms-arbeidet, er det ikkje tvil om at hms er viktig. Ser fram til neste hms-dag (heime med sau 😊).



*Hornfin ver.*



*Tre nedtyngd med sno.*



*Jan Arne berande på ein sau*

# Jubileumsfeiring på Ålhus 27.-29. september 2024



I 2024 feirar Noreg 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov. Landslova av 1274 la fram radikale påbod som om-danna det norske samfunnet og heile identiteten vår. Den riksdekkjande lovboka var den tredje i sitt slag i Europa, men den første som faktisk blei brukt. Noreg vart tidleg eit land der rett gjekk framfor makt. Som kongens stallare sat Audun Huggleiksson frå Ålhus så tett på makta som det var råd å komme i denne tida. Det vert rekna som sannsynleg at han var ein av opphavsmennene til landslova.

I Sunnfjord kommune planlegg ein no ei storstilt

markering av at landslova fyller 750 år i 2024. Vi vil utforske middelalderhistoria vår og reflektere over korleis vi tek vare på og vidarefører verdiane lova byggjer på. Både kyrkjene, skulane og biblioteka våre, lag, organisasjonar og kulturlivet elles vil bli involverte i program gjennom året. Allereie no vil vi særleg oppmode om å setje av siste helga i september 2024 til eit rikholdig jubileumsprogram i vår eigen tusenårsstad på Ålhus. Det vil bli fagleg påfyll, marknadsgudstene- te med besøk av biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen.



«Utsnitt av miniatyrmaleri fra lovskriftet Codex Hardenbergianus, et illuminert håndskrift fra 1300-tallet, som viser kong Magnus Lagabøte som gir fra seg Landsloven 1274–1276.» (fra Wikipedia)

## Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjer det mogleg å rykke ut i krig og katastrofar

Verda slik ho ser ut i dag, krev mykje av oss. Ho krev at Kirkens Nødhjelp er til stades der nøda er størst. Fasteaksjonen gjer det mogleg. To veker før påske kvart einaste år går rundt 40.000 bøsseberarar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til arbeidet deira. I fleire tiår har norske konfirman- tar vore med på denne enorme dugnaden, som gjer det mogleg å rykke ut i kriser. I Jølster skal vi ha dør til dør aksjon tysdag 19. Mars frå kl.17.

Takka vere fasteaksjonen, var Kirkens Nødhjelp i fjor til stades med nødhjelp i jordskjelvet i Syria. Likeins i jordskjelvet i Afghanistan. Dei kunne dele ut mat og vatn til flaumråka i Malawi. Dei kunne dele ut mat og teppe

i Gaza. Dei kunne dele ut varme teppe og vatn i Ukraina.

Takka vere det store engasjementet til konfirantar og kyrkjelyder, kan menneske få eit betre liv. Som i Libanon. Eit land som er sterkt prega både av krig i Ukraina og Gaza.

I landsbyen Deir El Ghazal har Kirkens Nødhjelp bygd ein vasstank på 800.000 liter. Bønder kan igjen dyrke grønnsaker, og ungdomane har reint drikkevatn. I heile 40 år har landsbyen i Bekaadalen vore utan vatn. No spirer og gror det over alt.

Akkurat no gjer kyrkjelyder over heile Noreg seg klare til å gjere ein forskjell. Til å spreie håp i ei verd sterkt prega av nød og lidning.

I årets fasteaksjon møter vi



Rachel som bur i Bekaadalen. Ho er som ungdomar flest. Elskar å vere på mobilen og vere saman med vener. Ho fortel korleis det var å bu i landsbyen for dei fekk det livgjevande vatnet. Ho er eit godt eksempel på at det er håp i ein drope vatn, og at tilgang til vatn gjev store ringverknader. I tillegg til å halde seg

frisk, kan ho drøyme og vere aktiv. Gjennom fasteaksjonen kan endå fleire få same moglegheiter som Rachel.

Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2024, «Håp i ein drope vatn».

Helsing Ålhus og Helgheim sokneråd



## Det nye soknerådet i Helgheim sokn

Helgheim sokneråd ynskjer å fokusere på bruken av kyrkja, halde oppe dei aktivitetar ein har som Torsdagsklubb, Speidaren, BarneGospel. Hjelpe til så langt det let seg gjere under andakter på sjukeheimen. Hjelpe til i det kyrkjelege arbeidet når det er ynskje om det.

Støtte opp om Skei Misjonshus. Så er vi opne for nye tiltak/ tilstelningar så langt ein maktar det. Samarbeide med Ålhus sokneråd og Sunnfjord Kyrkjelege Fellelråd.

*Hildegunn Huus, Bjørn Anders Steinsund, Norvald Nedrebo, Aus Førde, Marit Vallestad, Steinar Dvergsdal, Camilla Klakegg, Brita Distad, Kjellaug Bromset, Erna Dvergsdal Krøke, Astrid Indrebo Sunde.*



## Det nye soknerådet i Ålhus sokn

Ålhus sokneråd ynskjer å fokusere på bruken av kyrkja, halde oppe dei aktivitetane ein har som Va-Ba-klubb, babysong, songkveldar, og andre aktivitetar. Hjelpe til så langt det let seg gjere under andaktar på Vassenden omsorgssenter. Hjelpe til i det kyrkjelege arbeidet. Støtte opp om foreininga Vassenden kyrkjesenter. Samarbeide med Helgheim sokneråd og Sunnfjord kyrkjelege fellelråd.

*Ålhus sokneråd: framme frå venstre: Silje Sørebo, Ingvill Stofringstøl, Anette Slåtten. Bak frå venstre: Magne Kvinge, Berni Kjosnes, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Inger Johanne Klakegg, Solveig Steenslid Lesto.*

# SJÅ TV-SERIE og SAMTAL OM VERDIAR



I TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» tar «Farmen-prest» og influensar Thor Haavik oss med tilbake til då **kristenretten** blei innført for 1000 år sidan.

I samtalar med fagfolk, bl.a. sosiolog Harald Eia, advokat Geir Lippestad og historikar Jørn Øyrehagen Sunde leitar han etter svar på korleis innføringa av kristenretten i 1024 har gjort Noreg til det landet vi kjenner i dag. Serien har tre episodar på ca. 20 minutt og er produsert av TV Inter, i samarbeid med Tro og Medier, og er finansiert av Kyrkjerådet og Bjørgvin bispedøme.

På Bjørgvin bispedøme sine nettsider finn du også samtale- og undervisningsopplegg knytt til denne serien. Skann QR-koden, sjå episodene og bruk dei til gode samtalar!

[www.kyrkja.no/bjorgvin/2024](http://www.kyrkja.no/bjorgvin/2024)



DEN NORSKE KYRKJA  
Bjørgvin bispedøme

Skann QR-koden  
for filmar og  
samtaleopplegg



## Verdiåret 2024

LANDSLOV JUBILEET  
1274 2024

MOSTER 1000 2024

# Verdiåret 2024

I 2024 feirar og markerer vi 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Dette er hendingar som i høg grad har gjort landet vårt til det det er i dag, og det er difor stor grunn til å feire!

Verdiåret 2024 i Bjørgvin:

## Aktuelle verdjar frå gamal tid

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai.

Verdiåret 2024 er ein del av ein «jubileumsstafett» med ulike markeringar frå 2021 til 2031. Eit anna høgdepunkt i denne stafetten er året 2030. Då vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, då vi feirar at Noreg har vore eitt rike i tusen år.

### Kristenretten 1024

Under mottoet «Feira fortid - forma framtid» vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Det er eit jubileum for heile landet med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkeringa på Moster 29. mai - 2. juni 2024 vert ein fest for alle.

### Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI for første gang heile landet under ei lov. Magnus fekk tilnamnet Lagabøte, «den som reparerer lovene». Landslovsjubileet er landsdekkande, og



*Moster gamle kyrkje. Tusenårsjubileet for kristenretten på Moster blir markert både på Moster og i kyrkjene i bispedømet. Foto: Moster amfi/Abstract media*

biskopen i Bjørgvin er medlem av hovudkomiteen for Landslovsjubileet i Vestland. Ho inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen domkirke.

### Guds fire dotre

Omgrepet «Guds fire dotre» eller «Dei gud-domelege sostrene» er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklår,

# feirar fortida og formar framtida

Vi kallar året i år for Verdiåret 2024, året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

Mange enkeltpersonar og miljø planlegg arrangement inspirert av rettsjubilea. Lenger nede på denne sida vil du finne informasjon

og ressursar til aktivitet i sokn og lokalsamfunn. Det har òg blitt spela inn ein TV-serie med Thor Haavik om det som skjedde på Moster i 1024. Du kan finne episodane ved å klikke på boksen «TV-serie om kristenretten» under.

Verdiåret 2024 er ein del av ein «jubileumsstafett» frå 2021 til 2031. Eit anna høgdepunkt i denne stafetten er året 2030. Då vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, og vi feirar at Noreg har vore eit rike i tusen år.



Verdiseglaset vil ta med seg verdibrev frå unge langs Vestlandskysten. Foto: Vestland fylkeskommune

skulle verte høyrd for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire sosterne er henta frå Salme 85 i Bibelen, der det heiter at miskunn og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred skal kysse kvarandre.

Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i dommen; sanninga må verte høyrd så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, rettferda skal sjå til at urett ikkje gjer skade på dommen, og fred skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.

**TV-serie om hendinga som forandra Noreg**  
«Hendelsen som forandret Norge» er titelen på ein ny, underhaldande og opplysende mini-serie med Farnen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieil for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

## Verdiseglaset med verdisamtalar

Verdiseglaset 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av «Guds fire døtre» og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for for framtida som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglaset frå start til slutt.

## Etappar:


- Frå Moster til Bergen og opning Magnus Lagabøte-utstilling 21. mai
- Frå Sokndal/Egersund til jubileumshelga Moster 2024 den 1. juni
- Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljumannamesse 1000 år 6.-8. juli,
- Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros 27. juli - Nasjonaljubileet Norge 1000 år og Olavsfest

Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>



Guds fire døtre, slik dei er framstilt av Anne Hesvik. Foto: Bo Mathys

# DUSKEDYR



## Du treng:

Gult garn (ikkje bomull)  
Papp ( gjerne mjolkekartong)  
Raud filt eller raudt papir  
Perler eller anna til auge  
Underlag som trekubbe, flat stein  
eller anna eigna  
Lim  
Saks

på pappskiva, elles blir dusken avlang. Surr med dobbelt garn, tett i tett, til holet er fylt igjen. Ikkje bruk fleire enn to trådar om gongen, for då blir dusken finast. Bruk heller ikkje bomullsgarn, for då blir dusken så slapp. Klypp opp garnet langs ytterkanten og knyr ein sterk tråd rundt midten av dusken før du fjernar pappen. Knuten må vere så sterk at han ikkje går opp.

## Duskedyr

Av duskar kan du lage mange slags dyr og figurar. Men sidan det er påske, skal vi lage påskekylingar. Til dei minste duskaner er diameteren på pappskivene 4,5 cm.

Til dei største duskaner er målet 7,5 cm. Lag gjerne magedusken først. Hovudet lagar du av den minste dusken. Du kan lage bitte små kyllingar berre av ein dusk også. Auge og nebb limer du på. Auge kan vere perler, paljettar eller kjøpte plastauge. Du kan også teikne auge av papir. Nebbet og kanskje ein liten hanekam kan du også klyppe ut av raud filt eller papir og lime på. Om du har fine fjør, liggjande til overs frå fastelavn, kan du godt pynte kylling-en med dei. For å få kyllingane til å stå kan du lime dei på ein liten plankubit eller på ein liten flat stein. Ein liten vedkubbe eller ei einerskive er også kjempefine underlag for kyllingane.

## Duskar

Klypp ut to like store ringar i papp (bruk gjerne ein mjolkekartong). Holet i midten skal ikkje vere større enn ein tredel av breidda



# EIN Plass FOR ALLE

## Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE  
for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

• **24. mars:**

Familiegudsteneste palmesøndag med utdeling av påskekalendar til 2. klassingar frå heile Jølster i Helgheim kyrkje kl.11 (to måndagssamlingar i forkant, på Skei misjonshus for Helgheim sokn og på Vassenden kyrkjesenter for Ålhus sokn)

• **2. påskedag på**

**Vassenden kyrkjesenter:**

Familiesamling med påsesong, forteljing, mat og påskeeggjakt.

• **Siste helg i mai eller første i juni:**

Tårnagenthelg for 3. klassingar i heile Jølster i Helgheim kyrkje.

### AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

• **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter kl.17.15 – 18:30 (annankvar måndag)

• **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter kl. 13.00 (annankvar torsdag)



• **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annankvar torsdag) – 4 år og oppover

• **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6 kl og oppover

• **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar

Sjå [www.kyrkja.no/jolster](http://www.kyrkja.no/jolster) for informasjon når det nærmar seg.

*Hjarteleg velkomen!*

## VaBa – klubb

Vassenden barneklubb- eit aktivitetstilbod i kyrkja for barn (frå ca 4 år og oppover) o g *familiene deira.*

Vi samlast på Vassenden kyrkjesenter annakvar veke *måndagar kl 17.30 – 18.30*

Song, leik, forteljing og ulike aktivitetar *f.eks* forming og uteaktivitet

### DATOAR FOR VaBa – klubb vinter og vår 2024:

- 15. jan (ta med mjølkekartong)
- 29. jan (ta med eggekartong)
- 12. febr: NB! KARNEVAL (kom gjerne utkledd)
- 26. febr: Gjenbruksbasar (ta med ein gjenbruksgevinst)
- 11. mars
- 1. april (2. påskedag) NB! kl 17: Påskesamling for små og store med påsesong, forteljing, påskeeggjakt, kveldsmat (open for alle)
- 15. april
- 29. april

Laurdag 1. juni: Sommaravslutningstur til *Gjesdalsstøylen*. Oppmøte kl 11 på utfartsparkeringa. Ta med eiga niste (og eventuelt hødetøy/håt til å leike i elva med). Går an å fortsette turen til *Søsterstøylen* for dei som har lyst.

Helsing Mari Håland, Renate Kvammen og Silje *Sorebo* (tlf 47399492)

**VELKOMMEN!**



## SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14 i stova på  
**VASSENDEN  
OMSORGSSENTER**



Fyrste og tredje tysdag kvar månad.

5 mars (nattverdsgudsteneste),  
19 mars, 2 april, 16 april,  
7. mai, 21. mai

**Alle er velkomne!**

Helsing  
organist Rune Molvik og  
prestane Silje og Rigmor

## SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på  
**SKEI OMSORGSSENTER**



Fyrste og tredje tysdag kvar månad.

5. mars (nattverd), 19. mars  
2. april, 16. april (nattverd),  
7. mai, 21. mai

**Alle er velkomne!**

Helsing  
organist Rune Molvik og  
prestane Silje og Rigmor

**SPAR**   
NETTBUTIKK  
Alltid same pris  
på nett som i butikk

**VI HANDLAR FOR DEG!**

Bestill på [nettbutikk.spar.no](http://nettbutikk.spar.no)  
Hent varene ferdig pakka hos  
SPAR Jølsterholmen eller  
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no  
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

**Ottar Dvergsdal AS**

952 00 433



**EIN SMAK AV TRADISJON**

frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei  
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



**COOP MARKED VASSENDEN**

Måndag–fredag: 8–20  
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00  
vassenden@marked.coop.no



**COOP PRIX SKEI**

Måndag–fredag: 8–22  
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77  
prix@coop.no

**nordfjord SKIFER** *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei  
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST [svein@vestlandgruppen.no](mailto:svein@vestlandgruppen.no)



Tlf. 57 82 70 30 • [fjordan.no](http://fjordan.no) • [eirik@fjordan.no](mailto:eirik@fjordan.no)



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • [fjordamattunet.no](http://fjordamattunet.no)



6847 Vassenden



[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no) Tlf. 57 72 68 90

**VASSENDEN TAXI**

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



**Åsen & Øvrelid as**

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.  
Tlf 920 62 203 Mail: [post@jolvassbu.no](mailto:post@jolvassbu.no)

MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde As**  
[jostein-sunde.com](http://jostein-sunde.com)

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

[post@jostein-sunde.com](mailto:post@jostein-sunde.com) Tlf. 57 72 73 00

**JØLSTER**  
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • [www.jolsterbygg.no](http://www.jolsterbygg.no) • Besøk oss på Facebook

**TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**

# Kyrkja er vår heim



## MARS

3. SØNDAG I FASTETIDA – SØNDAG 03.03  
Gudsteneste

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

4. SØNDAG I FASTETIDA – SØNDAG 10.03  
Familiegudsteneste

Skei Misjonshus kl. 14:00

Basar på Misjonshuset etter gudstenesta.

TORS DAG 14.3

Bibeltime og gospelkveld

Vassenden kyrkjesenter kl. 19:00

MARIA BODSKAPSDAG 17.03

Gudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 11:00

PALMESØNDAG - SØNDAG 24.03

Gudsteneste

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Utdeling av påskekalendar til

2. klassingar frå heile Jølster

SKJÆRTORS DAG - 28.03

Gudsteneste med nattverd

Vassenden kyrkjesenter kl. 19:00

Kveldsmat etter gudstenesta.

LANGFREDAG 29.03

Langfredagsgudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 11:00

PÅSKENATT - 30.03

\*Viksdalen kyrkje kl. 23:30

PÅSKEDAG 31.03

Høgtidsgudsteneste

Helgheim kyrkje kl. 11:00

## APRIL

2. PÅSKEDAG 01.04

Påskesamling for små og store.

Kveldsmat. Påskeeggjakt for barna

Vassenden kyrkjesenter kl. 17:00

2. SØNDAG I PÅSKETIDA 07.04

\*Førde kyrkje kl. 11:00

3. SØNDAG I PÅSKETIDA 14.04

Samtalegudsteneste

Vassenden kyrkjesenter kl. 17:00

4. SØNDAG I PÅSKETIDA 21.04  
Gudsteneste

Haugtun kl. 11:00

5. SØNDAG I PÅSKETIDA 28.04  
Gudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 11:00

## MAI

6. SØNDAG I PÅSKETIDA 05.05  
Konfirmasjonsgudsteneste

Helgheim kyrkje kl. 11:00

KRISTI HIMMELFARTSDAG 09.05

Konfirmasjonsgudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 11:00

SØNDAG FØR PINSE 12.05

Konfirmasjonsgudsteneste

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Torsdag 16.05

Skulegudsteneste, Skei skule

Helgheim kyrkje kl. 11:00

17. MAI

Familiegudstener

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Ålhus kyrkje kl. 12:30

Vassenden kyrkjesenter kl. 15:30

PINSEDAG 19.05

Gudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 11:00

2. PINSEDAG 20.05

Friluftsgudsteneste

Dvergsdalstøylen kl. 11:00

## JUNI

2. SØNDAG I TREEININGSTIDA – 02.06

Gudsteneste med nattverd. Dåp og

nattverd Silje Sørebø

Vassenden Kyrkjesenter kl. 11:00

Tåragentgudsteneste

Helgheim kyrkje, kl. 14:00

## Døypete



### ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

03.12 Anne Tvedt Juklestad

25.12 Nils Marifjæren

11.02 Mathilde Moen Norgård

Vassenden kyrkjesenter

02.01 David-Alexander Bill Reynirsson

21.01 Even Hundvebakke Haugland

04.02 Ingrid Emilie Fleten Gjesdal

- døypet i Førde kyrkje

## Gravlagde



### ÅLHUS SOKN

03.01 Ingvald Nils Hylderås f.1931

18.01 Kjell Magne Taklo f.1939

26.01 Søren Fluge f.1936

Vassenden kyrkjesenter/

Vassenden gravplass

07.12 Jostein Øvrebø f.1935

29.12 Oddfrid Margrethe

Håland f.1948

### HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

17.01 Oddbjørg Veiteberg f.1932

02.02 Olav Erikstad f.1943

3. SØNDAG I TREEININGSTIDA – 09.06

Gudsteneste med nattverd. Dåp og nattverd, vikar.

Helgheim kyrkje kl. 11:00

4. SØNDAG I TREEININGSTIDA – 16.06

Gudsteneste Dåp Silje Sørebø

Sandalen grendehus kl. 11:00

\*gudstener i andre kyrkjer i Sunnfjord Prosti.



## Påsketankar v/Hildegunn Huus

Påska er ei kristen høgtid, men og ei høgtid som startar våren. Det med å starte våren er litt usikkert, for påska kjem ikkje til same tid kvart år, men den kjem i mars/april og det er vårmånader.

Det er svært ulikt kva den enkelte har som minner om opplevd påske gjennom livet.

For dei som driv med sauer er påska ofte ei uroleg høgtid. Ein sauebonde må dei fleste år rekne med at påska ikkje er ferie. Då kjem nye lam til verda, og nokre av dei treng gjerne litt ekstra stell i starten. Mange stader er våronna i full gong i påska, og det er mange som ikkje tek seg fri, men legg grunnlaget for ein god haust.

For dei aller fleste av oss kan ein vel seie at påska startar våren og årstida med flest fridagar, og er ein riktig heldig òg det beste vêret.

Før 1970 var dei som budde på sørsida av Jølstravatnet avhengig av båt eller trygg

is for å komme seg til kyrkje. Det var framleis få som hadde bil. Det var vel litt av grunnen til at folk frå sørsida var flittigare kyrkjegjengarar i den lyse årstida enn om vinteren.

To par frå min heimplass Sægrov/Sunde var flittige kyrkjegjengarar, og då med båt frå Sægrov til Helgheim kyrkje. Det var besteforeldra mine på Sægrov og besteforeldra i Geilane, nabogarden vår. Dei for med båt til kyrkje heile året om vêret tillét det, men høysesongen starta rundt påske.

Før ein fekk påhengsmotor, rodde dei båten. Då sat dei to på kvar tofte og rodde med kvar si åre, karane sat fremst og damene bak. Så vart det vanleg med påhengsmotor, og eg kan vel seie det slik at onkel min på Sægrov var ikkje den siste i bygda som skaffa seg det siste nye, og det naut nok kyrkjefarane godt av. Men for alt eg veit kunne det vore bestefar som skaffa motoren til båten.

På ein søndag, når Jølstravatnet låg spegelblankt, var det eit flott syn når båten pløgde fjorden og dei to para sat oppkledde i båten. Bestefar sat bak og styrde motoren, framme sat nabobestefaren, og på kvar si tofte sat dei to bestemødrene. Ingen av dei hadde redningsvest og ingen kunne symje, men bra gjekk det. Dei fire gamle visste korleis dei skulle te seg i ein båt, og korleis dei skulle styre om det kom vind.

Para gav seg god tid når dei for til kyrkje, prata med kjende, stifta nye kjennskapar og fretta nytt frå bygdene rundt i Jølster.

Desse to para hadde god tid ved kyrkja, for dei hadde ikkje akt som skulle gjerast to gonger for dagen, og det var viktig for dei å komme seg til kyrkja. Kyrkja var då som no ein god stad å komme til, sette seg ned og høyre, slappe av og nyte song og musikk. Ein veit at dei av og til var uroa for vêret, men stola nok på sine egne kunnskapar om korleis dei skulle takle det. Ei og anna bøn vart kan hende sendt stille frå båten.